

## Infosentraler for friluftsliv

Fusa har kome langt i merking av einskildturar. Vi ønskjer å laga tre informasjonssentralar for å auka merksemda, interessa og tilgangen til informasjon. Vi vil ha sentrale punkt der ein kan orientera seg om friluftslivet i heile kommunen - dette vil utforma slik at vi er klar for å markera eit felles friluftsliv i den nye stor-kommunen Bjørnafjorden frå 1.1. 2020.

Desse er tenkt plassert:

Ved rådhus og kjøpesenter på Leiro  
Ved fleir brukshall/ felles skuleanlegg i Eikelandssosen  
Ved Hålandsdal leirskole

Infosentralen skal innehalda:

Stort kart som viser heile kommunen i dag og i 2020  
Friluftsressursar på kart med symbol og innteikna løyper  
Vegvisarskilt i følgje standard som viser avstand til startpunkt/ stad og symbol som viser aktivitet  
Enkel informasjon på norsk og engelsk  
Kasser med turkort som vert laga med tilskot frå 2015.

Det kan bli noko ulik utforming av dei tre tavlene utifrå behov og funksjon.